

Læreplan for

TEATER



Teppet går opp. Lyset er retta mot deg. Publikum held pusten medan dei ser på deg. Du er fokuset.

Teater er faget for deg som ønskjer å stå på ei scene. Faget for deg som ønskjer å leike, og late som om du er nokon andre. Ein dag kan du vere lege, ein anna dag politi. Kanskje får du også vere superstjerne ein dag? Eller ei farleg løve?

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine

eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Utstyr

På teaterøvingane er det viktig med klede ein kan bevege seg i. Ved førestillingar må ein ta høgde for å skaffe kostyme.

4. Målgruppe/ alder/ inndeling

Elevane vert delte inn i aldersbestemte grupper frå 2. klasse og oppover.

5. Organisering av undervisninga

Undervisninga føregår ein gong i veka. I produksjonsperiodar må ein ta høgde for meir intensiv undervisning. Innhaldet i teaterundervisninga vil vere improvisasjon, leik, song/dans, framsyningar, det å skape ei førestilling frå botn, og skodespelarteknikk.

Ved større førestillingsarbeidd, som til dømes musikalarbeidd, vil det vere samarbeidd både på tvers av dei aldersbestemte gruppene, men også på tvers av dei forskjellige faga vi har i kulturskulen. Ved nokre førestillingar vil vi bruke danseelevar, musikkelevar, og også kunstelevar.

6. Eigenøving

Det krevs at eleven jobbar heime med det han/ho får i lekse. Det vil vere alt frå manuslesing til eigenutvekling av rolle.

7. Konserter/opptredener

Det vil i hovudsak vere førestillingar både på hausten og våren

8. Evaluering/tilbakemelding

Det vil jamnleg kome tilbakemelding på eleven.

9. Mål for undervisninga

Målet vil vere mot, samhandling, meisting, speleglede, disiplin og tillit.

Gjennom teater får elevane utvikle sine evner i å utøve, formidle, skape, oppleve og reflektere. Teater og leik går hand i hand, og mykje av læringa skjer difor gjennom leik. I teaterfaget vert det fokus på å skape kunst saman. Elevane vert trena i å samarbeide, lage eigne teaterstykker i forskjellige sjangrar, improvisere, ha eigne roller med replikkar, og å framføre.

Det stilles høgare krav til eldre elevar. Dei eldste elevane får vere med å lage lengre teater, og meir kompliserte teaterformar, som performancearbeidd, forumteater, episk teater osv. Å skape eit teater tar tid, og gjennom eit år rekk vi ikkje å prøve ut alle teaterformar. Det vil difor bli fokusert på forskjellige ting kvart år. Eit år kan det vere musikal, eit anna år er det til dømes episk teater som er i fokus.

Det finnes utallege formar for teater og scenekunst:

- I den *psykologiske prosesstypen* fokuserer vi på rollane sine kjensler og tankar. Er rolla glad, trist eller kanskje engsteleg?
- I den *dramaturgiske prosesstypen* er skodespelarens oppgåve å forsterke det dramatiske spelet, og forsterke andre rollar. Kva effekt oppnås ved å gjere slik istadenfor sånn?
- I den *konseptuelle prosesstypen* er skodespelaren sin kropp meir i fokus. Her er han meir ein brikke i eit spel, og kroppsleg uttrykk er det viktigaste. Dette kan minne meir om dans.
- I den *hyperkomplekse prosesstypen* er vi vekke frå den tradisjonelle scena. Her er ikkje skodespelarane i ei rolle som vanleg. Prosessen her er nesten meir viktig enn resultatet, da fokuset er meir på måten «førestillinga» blir til enn på korleis det faktisk ender til slutt.

10. Forventningar/krav til elever.

Det krevs at eleven lærer sitt manus til avtalt tid. Manus må også medbringes på øving, da det kan bli endringar som må noteras ned. Teater er eit fag kor vi er avhengige av at alle møter på alle øvingane, og fråvær må difor seies ifrå om i god tid.